



Få innblikk i kva
diktning og journalistikk
fortel om og tyder for oss.

NYNORSK
KULTURSENTRUM
Vinjesenteret



VELKOMEN TIL VINJESENTERET

nynorsk.no

OPNINGSTIDER

1. september–14. juni
torsdag–fredag kl. 11.00–15.00
laurdag kl. 12.00–17.00

Opplev dikt og
songar frå mange
tider og verdshjørne.

NYNORSK
KULTURSENTRUM
Haugesenteret



VELKOMEN TIL HAUGESENTERET

nynorsk.no

Opplev forteljinga om kva
språk tyder for menneska.

NYNORSK
KULTURSENTRUM
Aasentunet



VELKOMEN TIL AASENTUNET


nynorsk.no

NYNORSK
KULTURSENTRUM
Vinjesenteret

LITTERATURDAGANE 2022

Vinjesenteret/Vinjar/Edland


26.–28. august



TARJEI VESAAS 125 ÅR

Frode Grytten / Kristin Vego / Hanne Ørstavik /
Kjersti Rorgemoen / Victoria Kielland / Aasmund Nordstoga

Kjøp billetter og festivalpass på nynorsk.no



Vinjesenteret
25. august kl. 19.00

FUGLANE PÅ SPANSK



Foto: Andrea LópezSolli

Juan Gutierrez-Maupome og Hilde Vesaas har omsett *Fuglane* til spansk. Saman med skodespelar Montserrat Ontiveros, tek dei oss med på ei reise frå nynorsk til spansk – gjennom opplesing, samtale og dramatisering.

Vinjar
26. august kl. 13.10

Å SKRIVE MED VESAAS



Foto: Bård Henniken

I samband med 125-års jubileet for Tarjei Vesaas gjev Gyldendal ut ein antologi, der utvalde forfattarar har skrive tekstar om Vesaas. To av bidragsytarane, Morten Langeland og Hanne Ørstavik, kjem til Litteraturdagane.

Vinjar
26. august kl. 15.15

EIT PRAKTISK MENNESKE




Foto: Helge Hansen

Eivind Myklebust har omtala boka *Eit praktisk menneske*: «Ein vittig roman om å ha noko å henge fingrane og hendene i. Om bygda som museum og levestad – og skilnaden på verneverdi og bruksverdi». No får han intervjuje forfattaren Kjersti Rorgemoen om boka.

Vinjar
26. august kl. 21.00

FRODE GRYTTE BEAT BAND



Foto: Helge Skodvin

Ved å kombinere poesi og litteratur med ei sjeldan musikkglede og intens formidling, treff Frode Grytten Beat Band ein heilt spesiell nerve. Bandet er blitt omtala som ein poetisk og musikalsk eksplosjon på scena.

TORSDAG 25. AUGUST

Torsdagsprogrammet gjeld berre for dei med festivalpass

19.00 Fuglane på spansk
Vinjesenteret

20.00 Fuglane på film
Vinjesenteret

FREDAG 26. AUGUST

11.00 Lunsj
Vinjar

12.00 Offisiell opning av Litteraturdagane 2022
Vinjar

12.15 Vesaasføredraget
Vinjar

13.10 Å skrive med Vesaas
Vinjar

14.15 Gut, jente, juni, juli
Vinjar

15.15 Eit praktisk menneske
Vinjar

Pause

18.30 Tarjei Vesaas i lyd, skrift og bilete
Vinjar

21.00 Frode Grytten Beat Band
Vinjar

TARJEI VESAAS' DEBUTANTPRIS



Foto: Jørn Hebbert / Gyldenlag forlag

Årets debutantpris gikk til Kristin Vego for novellesamlinga *Se en siste gang på alt vakkert*. Novellene fortel om begjær og einsemd, om tap og tilgiving, men også det vakre som viser seg i glimt. Vego møter Stein Versto til samtale under Litteraturdagane.

Vinjar
27. august kl. 11.00

LEVANDE FORTID



Foto: Bård Henriksen

Kjersti Rørgemoen samtalar med Victoria Kielland og Tore Kvæven om nyskaping i den historiske romanen. Kiellands *Mine menn* og Tore Kvævens *Når landet mørknar* er begge kritikarroste bøker, men dei to forfattarane brukar sjangeren på heilt ulike vis.

Vinjar
27. august kl. 14.45

STOREGUTPRISEN



Foto: Helge Hansen

Guri Vesaas har vore forlagsredaktør og omsetjar. Ho har vore særleg oppteken av gode og fargerike leselystbøker for barn og unge. Vesaas har gjort ein stor innsats for bruk av nynorsk i det offentlege rom. Storegutprisen blir ein av ei rekkje prisar ho har vorte tildelt for arbeidet sitt.

Festsalen, Edland
27. august kl. 18.30

TARJEI I TONAR



Foto: Marcel Leijnhof

Det er ikkje mange komponistar som har gjevi seg i kast med Tarjei Vesaas sine dikt. Geirr Lystrup har våga seg på det, med godt resultat! Programmet *Tarjei i tonar* er bygd rundt fleire av desse korarrangementa. Utøvarane er eit kor frå Vinje dirigert av Sonja Sandvik, med Aasmund Nordstoga som solist.

Festsalen, Edland
26. august kl. 20.45

LAURDAG 27. AUGUST

11.00
Vinjar

Tarjei Vesaas' debutantpris

11.45
Vinjar

Lunsj

12.30
Vinjar

Høgtlesing av Vesaas-tekstar

13.20
Vinjar

Vesaas i verda – nytgjevingar i Danmark og Tyskland

14.15
Vinjar

Vesaas i verda – kunsten å kjenne att ein klassikar. Fuglane før Knausgård

14.45
Vinjar

Levande fortid. Samtale med Victoria Kielland og Tore Kvæven

Pause

18.30
Edland
samfunnshus

Utdeling av Storegutprisen

19.15
Edland
samfunnshus

Kaffi og kringle

20.00
Edland
samfunnshus

Store spel. Ei forteljing om A.O. Vinje og Tarjei Vesaas

20.45
Edland
samfunnshus

Tarjei i tonar. Med Aasmund Nordstoga, Stein Versto og songarar frå Vinje

OMVISING I VINJESTOGA med Anne T. Romtveit
Kvar time frå 12.30 til 15.30

Festivalpass gir gratis omvising.
Billetter kan du kjøpe på Vinjesenteret.

Vinje kyrkje
28. august kl. 11.00

FESTIVAL- GUDSTENESTE



Foto: Vinje kommune

Årets festivalgudsteneste byr på musikk og song ved blant anna Heidi Lofthus og Robertas Lamsodis. Publikum får dessutan møte Erik Hillestad, grunnleggjaren av kulturverkstaden og plate-selskapet Kirkelig kulturverksted.

Vinjar
28. august kl. 12.30

PØLSETJUVEN



Foto: Ingrid Stykkestad

Marianne Gretteberg Engedal er illustratør og barnebokforfattar frå Hallingdal. Pølsetjuven er den fyrste boka hennar, og under Litteraturdagane vil ho lese frå boka og snakka med ungar i alle aldrar.

Vinjar
28. august kl. 13.00

Å LESE LITTERATUR MED SKEIVE BRILLER



Foto: Elin Iversen

Fyrsteamanuensis i norsk ved NTNU i Trondheim Per Esben Myren-Svelstad forskar mellom anna på kjønn og seksualitet som litterære tema. Han viser oss korleis forståinga av kjønn, kjærleik og drifter kan kaste nytt ljøs over tekstane til Tarjei Vesaas.

Vinjar
28. august kl. 13.45

PER ANDERS BUEN GARNÅS



Foto: Gro B. Rølland

Per Anders Buen Garnås frå Bø i Telemark er fire gongar noregs-meister på hardingfele. Han byrja å spela fele i seksårsalderen, inspirert av onklane Knut og Hauk Buen. Me er glade for at Buen Garnås ynskjer å avslutte den litterære helga med sitt flotte spel!

SUNDAG 28. AUGUST


11.00 Festivalgudsteneste
Vinje Kyrkje

12.30 Pølsetjuven
Vinjesenteret

13.00 Skeivt kulturår 2022.
Å lesa litteratur med skeive briller: eksempelet Vesaas

13.45 Per Anders Buen Garnås
Vinjar

KART



VINJESTOGA

Du er her
You are here

E134



VINJESENTERET
VINJE JOURNALISM AND FICTION MUSEUM

Billetter
Tickets

